



## Notat

Dato: 23.01.2017  
Arkivsak: 2017/198-3  
Saksbehandlar: josaksd

---

**Til:** Jan Nordø

---

**Frå:** Jostein Aksdal

---

### **Kulturminnefagleg innspel til høyring av søknad om løyve til 7 småkraftverk i Voss kommune**

Fylkeskonservatoren viser til søknad om løyve til sju småkraftverk på Voss. Vurdering av kulturminneverdiane er gjort ut i frå arkivinformatjon og den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden.

Tre av desse er lokalisert i området aust for Brekkhus, Voss kommune. Desse er då Bjørndalen kraftverk, Tverrelvi kraftverk, Storagroe kraftverk. I våre arkiv er det ikkje informasjonar om funn eller automatisk freda kulturminne i dei aktuelle utbyggingsområda. Noko vest for Bjørndalen kraftverk og sør før Tverrelvi kraftverk ligg det eit klebersteinsbrot på Kljåsteinsberget - Askeladden ID 159301 med spor etter uttak av gryteemne. Fylkeskonservatoren vil slik melde attende at i samband med utbygging av veg og røyrgate må det vera gjort ei synfaring av områda. Togrovi kraftverk ligg lenger sør i dalen. I våre arkiv er det heller ikkje kjent funn eller informasjonar om automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet.

Haugamoen kraftverk ligg lengst sør og opp i Bordalen i utmarka til garden Hauge gnr 192, i våre arkiv er informasjon om funn frå sjølve garden nede i Vossabygda. Fylkeskonservatoren viser til at Bordalen har vore eit viktig strekk for førhistorisk ferdsle mellom Hardanger og Voss. Me vil difor gjere ei synfaring av planområdet i forkant av eventuell utbygging slik at det kan vera rom for lokale tilpassingar.

To av småkraftverka ligg i Raundalen. Eitt på Urdland og eit ved Kleiveelvi – ved Mjølffjell ungdomsherberge. Kraftverket på Kleivelvi er eit eldre anlegg ført opp i 1946, som skal fornyast. Eldre røyrgate av tre skal erstattast og ny turbin skal installerast. Det er opplyst at turbinen frå 1914 skal takast vare på. Fylkeskonservatoren viser til at Kleivelvi kraftverk er eit viktig lokalt kraftverk som har stor lokalhistorisk verdi. Det bør slik vera ein prosess opp i mot Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum – NVIM som har best kompetanse til å dokumentera anlegget før riving eller sikra industritekniske deler av røyrgata/anna utstyr av museal verdi.

I følgje kart og søknad frå NVE sin nettstad vil desse ligga i eit område som det ikkje er kjent funn eller automatisk freda kulturminne i.